

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Susanne Christensen	FE - 150, FE - 145	18/2540

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
47/2018	Ungdomsrådet	PS	01.11.2018

Orientering og offentlig ettersyn rådmannen sitt framlegg budsjett

Vedlegg:

Rådmannen sitt framlegg budsj 2019 - 1 nov 2019
Framlegg økonomiplan 2019-2022 - oppd 1. nov 2018

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan for 2019-2022 er lagt ut til offentlig ettersyn.

Vurdering

Rådmannen orienterer Ungdomsrådet og Ungdomsrådet kjem med innspel i møtet.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

Ungdomsrådet kjem med innspel i møtet

Ungdomsrådet - 47/2018

UR - behandling:

Rådmannen orienterte og viste ein Power-Point presentasjon.
Ungdomsrådet har følgande innspel:

Det er bekymringsverdig at budsjettet kuttar i spesialundervisning, eldreomsorg og trivselstiltak på

skulen.

Ungdomsrådet er bekymra for endring av skulestrukturen.

Dersom ungdomstrinnet på Rossland flyttes til Meland Ungdomsskule vil mange få veldig lang skuleveg.

Dersom ein kuttar lærartettheten på Vestbygd, kan behovet for spesialundervisning auke. Om 5.-7. klasse flyttes til Rossland skule, der ein eventuelt har kutta i tilbodet om spesialundervisning, er dette svært uheldig.

Når ein kuttar trivselsleiar, kantine og utfluktar fjernar ein dei tinga elevane gleiar seg til og sett pris på. Samtidig som dei får mindre areal til utemiljø grunna fleire elevar og utbygging av nye klasserom. Meland ungdomsskule har utfordringar i miljøet og dette kan føre til ein negativ utvikling.

Kantinen er viktig både for trivsel og helse.

Den kulturelle skulesekken er nødvendig. Det er bra at unge får oppleve andre kulturer, det gjer at ein vert meir open for andre kulturar når man er eldre.

Spesialundervisning til dei som treng det er nødvendig og må tilbys i tilstrekkeleg grad.

Det er bra at kommunen har psykolog.

Det er bra at Meieriet startar opp.

UR - vedtak:

Ungdomsrådet meiner det er bekymringsverdige kutt innanfor skule og eldreomsorg i framlegget for budsjettet for 2019.

Desse inkluderer tiltaka om endring i skulestrukturen, utfluktane elevane vanlegvis drar på elles i året og kutt i plassar for eldre på sjukeheimen.

Vi sett stor pris på at Meieriet skal starte opp i løpet av neste år, og at kommunen har kommunepsykolog.